



Sterk vind i helga påførte hestestallen skade på taket

Den sterke vinden natt til fredag gjorde skade på stallen på Bygdetunet Rød. Tunet er omkransa av store bøketre. Eit av dei er kløyvd ned i rota, og deler av treet er rotvelta. No var det store greiner som fall over taket og knuste mange heller. Slik det ser ut, er ikkje sperr og bjelkar skada.

Skaden er meldt til tekniske tenester i kommunen. Truleg må det store treet fellast.

Den gamle freda eiketreet er neppe nokon fare for tunet, slik det står med fallretning mot Rødsbekken.



Store bøketre, som er kløyvde ned i rota, er ein fare for husa på bygdetunet

Tekst og foto: Kristian O. Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland